



Jobbnorge-ID: 69106
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Stipendiat i meteorologi

Forskningsgruppa i meteorologi søker kandidatar til ei fireårig stilling som stipendiat i dynamisk meteorologi. Stillinga er også knytt til Bergensskulen i meteorologi.

Forskingssprosjektet til stipendiaten vil fokusere på effekten som storskala topografi (som Rocky Mountains og Tibet platået) har på vestavindsbeltet (jetar og stormbaner). Målsetjinga med prosjektet er å auke forståinga av dynamiske prosessar som oppstår under vekselverknad mellom topografi og luftstraumar. I arbeidet med å utvide teorien vil det verte lagt spesiell vekt på analyse av ikkje-lineære topografieffektar og variabilitetsmønster knytt til desse. Funna frå desse undersøkingane vil vere verdifulle tillegg til dagens kunnskapsstatus og kan vere viktige bidrag til forståelsen av atmosfæren sin middeltilstand og variabilitet.

Kandidaten som vert vald vil kunne utvikle kompetanse i dynamikk og opparbeide evner til å nytte dynamiske konsept for å teste idear ved hjelp av idealiserte numeriske modellar. Ei rekkje numeriske modellverktøy vil vere tilgjengelege for kandidaten; frå idealiserte lineære og ikkje-lineære opp til komplekse globale sirkulasjonsmodellar. Kandidaten vil difor få innsikt og røynsle med fleire typar modellar som er mykje nytta i dette forskingsfeltet. Det er ein stor føremon med basiskunnskapar i numerisk modellering og programmeringsspråka FORTRAN og MATLAB. Det er også ein føremon med bakgrunn i dynamisk meteorologi.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til førsteamanuensis Thomas Spengler, Geofysisk institutt, e-post: Thomas.Spengler@gfi.uib.no eller professor Nils Gunnar Kvamstø, Geofysisk institutt, e-post: Nils.Kvamsto@gfi.uib.no.

Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande utdanning innan fagområda meteorologi, oseanografi, anvend matematikk eller nærliggjande fagfelt, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Før tilsetjing kan skje er det likevel ein føresetnad at kandidaten fyller krava for opptak til PhD-studiet ved Universitetet i Bergen.

Stipendiaten skal gå inn i eit godkjend opplegg for ein PhD-grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Søknad om opptak til PhD-studiet, inklusive plan for gjennomføring av forskarutdanninga, vil verte utarbeidd i samråd d forskningsgruppa i meteorologi.

Samla stipendperiode er 4 år. Av denne perioden er 25 % pliktarbeidstid for universitetsstipendiatar. Dette vil i hovudsak vere knytt opp mot undervisninga ved instituttet. Det vil verte gjort frådrag i tilsetjingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk, men kan av og til vere engelsk.

Løn etter lønsssteg 48 (kode 1017/LR20.8) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.

Kvinner vert spesielt oppmoda til å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskotering i personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege, sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Send søknad, CV, attestar og vitnemål (bachelor m/karakterutskrift og master) og ei liste over vitskaplege arbeid (publikasjonsliste) elektronisk ved å klikke på knappen merk "SØK PÅ JOBBEN" på denne sida. Søknaden skal innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar.

Søknadar sende på epost til enkeltpersonar ved instituttet, vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist: 27. september 2010

Søknaden skal merkast: 2010/9017

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: